

Oppdatert semesterplan

Her kjem litt oppdatert informasjon om kva som skjer i mai og juni.

6. mai: Marsjøving. Aspirantane og nybyrjarane er med frå 18.30-19.30. Hovudkorpset øvar til NM etter pausa.

12. mai: NB: Onsdag! Marsjøving til 17. mai. 18.30-19.30 Aspirantar og nybyrjarar er med.

17. mai: Oppmøte ved Bø kyrkje kl. 09.50. Antrekk er uniform, hugs slips og lue. Korpset spelar ved kransnedlegging og marsjerar frå kyrkja ca 10.30. Vi går gjennom gata og bort til Bø sjukeheim der vi spelar nokre sangar. Føresette må gjerne sjå på, men hugs god avstand. Etter speling marsjerar vi tilbake til Gullbring der nybyrjarane, aspirantane og musikantar får pizza og brus i UngArena sine lokale.

20. mai: korpset øvar til NM. Aspirantane er nå ein del av hovudkorpset og er med frå 18.30-19.30

27. mai: korpset øvar til NM. Aspirantar er med frå 18.30-19.30

3. juni: korpset øvar til NM. Aspirantar er med frå 18.30-19.30

10. juni: Opptak til NM. Alle stiller med svart bukse og kvit skjorte.

17. juni: Dugnadsjobbing i forbindelse med Sommarlandfestivalen. Eige skriv kjem.

18.-20.juni Sommarlandfestival

21.-23./24. Korpstur til Tromøya. Vi kjem tilbake med meir informasjon når det nærmar seg og vi kjenner til smittereglar og smittetrykk.

Vi ser fram mot ein aktiv vår.

Styret.

